



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref
18/3221-3

Dato
28. februar 2019

Avgjerd av initiativ om utgreiing av grensejustering

Vi viser til brev 20. november 2018 frå fylkesmannen i Hordaland i saka om grensejustering mellom Kvam herad og Granvin herad/nye Voss herad, etter initiativ frå innbyggjarar i Ålvik i Kvam herad.

Bak initiativet om grensejustering står ni privatpersonar som opplyser å representere *Ålvik – ei levande bygd*. Bakgrunnen for initiativet er mellom anna lite merksemd og engasjement om Ålvik, at dei vil få eit større og meir kompetent administrasjonsapparat, at dei nyttar Voss som sitt regionsenter og at vegen mellom Ålvik og Granvin/Voss har blitt vesentleg utbetra dei siste åra.

Initiativet er forelagt Kvam, Voss og Granvin kommunar. Kommunane Voss og Granvin behandla saka i møte i fellesnemnda 14.09.18 og vedtok at: *...dei stiller seg i utgangspunktet positiv til ei eventuell grensejustering der Ålvik vert ein del av Voss herad."*

Kvam heradsstyre behandla saka 02.10.18 og vedtok at dei *...ikkje ynskjer ei grensejustering der Ålvik går ut av Kvam herad og vert ein del av Voss herad"*.

Etter ei samla vurdering av opplysningane i søknaden og fråsegn frå kommunane, kan fylkesmannen ikkje sjå at det ligg føre moment som tilseier at kommunegrensa er utenleg slik ho er i dag, og tilrår at saka ikkje blir utgreidd. Det er departementet som avgjer om det skal igangsettast utgreiing av grensejusteringar, jf. inndelingslova § 9, første ledd.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet støttar fylkesmannens konklusjon, og avgjer at ei grensejustering mellom Kvam herad og Granvin/Voss/nye Voss herad ikkje skal utgreiast.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling

Saksbehandlar
Ina Kathrine Ruud
22 24 68 68

Avgjerda kan påklagast i samsvar med reglane i forvaltningsloven kap. VI. Vi ber fylkesmannen orientere initiativtakarane om avgjerda og moglegheita for å klage.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ina Kathrine Ruud
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Granvin herad
Hordaland fylkeskommune
Kvam herad
Voss kommune